



Alexander Landsvik

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4072 - 14/16614

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:

31.10.2014

Godkjenning - dispensasjon frå rekkefølgjekrav i reguleringsplan for Mjåtveitmarka - mellombels bruksløyve for gbnr 22/229 - snr 19.

Administrativt vedtak. Saknr: 307/2014

Saksutgreiing:

Eigar av gbnr 22 bnr 229 snr 19 har i skriv d. 23.10.2014 søkt om fornya dispensasjon frå rekkefølgjekrav i reguleringsplan for Mjåtveitmarka for mellombels bruksløyve for nemnde eigedom.

Meland kommune ga i DNT.sak 395/13, d. 10.10.2013, mellombels dispensasjon frå rekkefølgjekrav i reguleringsplan Mjåtveitmarka for bruksløyve for gbnr 22/229. I bruksløyvet var det sett frist til 31.12.2013 for krav om ferdigattest.

Vurdering:

Omsøkt dispensasjon frå rekkefølgjekrav knytt til reguleringsplan for Mjåtveitmarka gjeld kryssløysing frå hovudveg, Fv 564 og inn i Mjåtveitmarka. Rekkefølgjekrava følgjer av reguleringsføresegnene pkt 1.2.2, som m.a. stiller krav om at vegkryss skal vere ferdigstilt før innflytting. Saka om avkøyringsproblematikken ligg til handsaming hos Statens vegvesen.

Vilkåra i pbl § 19-2 for å gje dispensasjon vert vurdert som oppfylt for søknad om mellombels bruksløyve for gbnr 22/229 seksjon 19.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedtak

«Meland kommune viser til søknad motteke 24.10.2014 om dispensasjon frå rekkefølgjekrav i reguleringsplanen for Mjåtveitmarka. Søknaden vert godkjent på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen er mellombels.
2. Det vert ikkje gjeve ferdigattest før vegkryss Fv 564 og inn i Mjåtveitmarka er ferdigstilt.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 19-2.»

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt, fakturavedlegg følgjer til orientering.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

FAKTURAVEDLEGG 22-229-19
Melding om klagerett